

PÅ FANGET

ILLUSTRASJON: Are Edvardsen



Det kom ei lita mus
som ville ha eit hus.
Ikkje her, ikkje her, men der!

(Du kitlar deg fram til der musa bur)

Det kom ein liten frosk
som laga seg ein kiosk.
Ikkje her, ikkje her, men der!

Så kom det fram ein hest
som ville ha ein fest.
Ikkje her, ikkje her, men der!

(Her kan du, gjerne saman med barnet, finne på vers om fleire dyr.)

PÅ FANGET

Huske på fanget,
heisann og hopp,
så moro å vere liten.

Huske på fanget,
heisann og hopp,
huske til han far vert sliten.
Verda er stor og verda er rar
og verda er best på fanget til far.
Ååååå heisann.

Huske på fanget,
heisann og hopp,
så moro å vere lita.
Huske på fanget,
heisann og hopp,
huske til ho mor vert slita
Verda er rar og verda er stor
og verda er best på fanget til mor.
Ååååå heisann.

Frå Voss

*(Liggjande på rygg på golvet, med knea opp mot brystet
og barnet liggjande på leggane.)*

Høgt, høgt, høgt i eit epletre
kikkar to små eple ned.
Vi ristar på treet så hardt vi kan
og ned fell epla. Nam nam nam.

Frå Voss

Gå i skogen, gå i skogen, hogga ved, hogga ved, frysa
på føtene, frysa på føtene, springa, springa, springa,
springa heim, springa, springa heim.

*(Barnet sit på fanget eller ligg på ryggen. Den vaksne
lagar rørsler etter teksten)*

Kom ei lita mus, skulle finna seg eit hus,
ikkje her, ikkje her, men der!

(Du kitlar deg fram til der musa bur)

Frå Sunnhordland

Teljeregler

1-2-3-4-5-6-7, reven er ein hønsetjuv.

7-6-5-4-3-2-1, reven stal eit hønsebein.

Trø fimpen

*Denne skal ein seie med ein liten tass sittande på ein
gyngande fot (a la ride ranke):*

Trø fimpen – Trø fimpen – Trø fimpen no mens du er ung!
For når du blir gamal så blir du for tung
og kan ikkje lenger trø fimpen!

Frå Trondheim/Volda

(Ri med barnet på fanget)

Tillan-fot og tillan-fot

Og lokke etter geita.

Tillan-fot og tillan-fot

Og bums nedi veita. *(La barnet «falle» mellom beina)*

Frå Ørsta

